



NAKU

NASJONALT KOMPETANSEMILJØ
OM UTVIKLINGSHJEMNING

UTVIKLING

Desember 2008 | Nummer 4 | Årgang 2 | www.naku.no

KOMPETANSE I UTVIKLING



Klepestemmen

– et hus med mye aktivitet i
– og en kjekk plass å arbeide

Side 3

Musikk? Det er meg det!

Tor Heine Rosdahl

Side 5

Livskvalitet

i mørketid

Side 7

Tor Heine Rosdahl:



Tekst og foto: Marit Bendz

Frå eit rimeleg rocka lokale, innafør døra med skiltet "Inngang neste dør", smyg gitarriff og ein kenyansk song seg ut. Swahili er nemleg ikkje noko problem for Tor Heine og resten av Merkesteinane.

- Eg har så lyst til å kjøpe meg lyskastarar i mange fargar, slike som blinkar. For det må ei ekte rockestjerne ha. Det ser eg fram til, seier Tor Heine Rosdahl (44), lokal musikkstjerne i Volda.

Paul og David, dei to instruktørane frå Kenya, har si første øving med Merkesteinane i dag. Som vanleg er Tor Heine midtpunkt, og slit litt med å konsentrere seg om den nye låta dei skal øve inn, ein kenyansk song som handlar om dagleglivet i slummen i Nairobi. Paul og David voks opp der, og deltek no på eit utvekslingsprosjekt i regi av Merkesteinane, Det Norske Fredskorpset og Høgskulen i Volda.

Tor Heine tek raskt gitargrepa, og syng med ein hes intensitet som imponerer dei to nye instruktørane. Dette er jo eit skikkeleg band, smiler dei i pausen.

Dagen før spela dei i Ålesund, men Tor Heine var ikkje heilt nøgd. I salen mangla det ei dame han kjenner som bur på eldresteret der. Men det er jo ikkje sikkert at gamle damer er så overvettas glade i rock. Neste utfukt går til Valdres, der dei både skal halde seminar, vise film og spele

Musikk? Det er meg det!



Frå slummen i Nairobi til Volda: Merkesteinane har fått nye instruktørar heilt frå Kenya. Frå venstre: Øyvind Lied, Ole Jørgen Humberstet (vokal), Paul Kamau, Knut Sigve Sollid (slagverk), Tor Heine (gitar og vokal), Andreas Humberstet (assistent) og David Oudori.

Ikkje hemma, men hindra

Allereie i 1989 gav Merkesteinane ut ein kasset med sjølvskrivne låtar. Sida den gongen har Tor Heine hatt sine timar i rampelyset, ikkje minst etter lanseringa av dokumentarfilmen "It's hard to be a rock n'roller" av Gunhild Asting. Filmen fekk ti minutt ståande trampeklapp etter førpremieren i Haugegesund for to år sida. Etter filmen tok dei fram att dei gamle optaka og gav ut CD. Men rockeimaget og forventningane kring eigen person er ikkje alltid like greitt å tale for musikkelskaren Tor Heine. Han har

Williams' syndrom (sjå faktaboks) med alt det medfører, ikkje minst med tanke på omgreps- og realitetsoppfatning. Men musikken er ein lidenskap.

- Der er alt for mange utviklingshindra som ikkje får utvikle interessene sine, seier musikalsk leiar Øyvind Lie, som har hatt Tor Heine som elev ein til to gonger i veka sia 1989

- Vi i Merkesteinane ser det som ei hovudoppgåve å synleggjere denne gruppa menneske for andre, og musikken er bindeleddet, forklarar pedagogisk leiar Jostein Bjørndal, den andre leiaren i Merkesteinane.

Tor Heine elsker musikk; Bon Jovi, TNT og The Kids. Vassendgutane spelar tøff musikk også. Men han lyttar ikkje til klassisk. Ikkje rein folkemusikk heller.

- Men folkrock går. Rocken lever inni meg heile tida, forklarar Tor Heine. Ein ser det på han, så snart han får gitaren i hendene, og ein mikrofon framfor seg.

- Det er meir liv i heavy. Men det er jo ikkje så lett for alle dei andre å følge med, legg han til.

Saman er ein mindre åleine

Tor Heine voks opp i Stryn, der han no bur. Men det er i Volda han verkeleg blømar, det er her han har venene sine, og ikkje minst medmusikantane i Merkesteinane, som øver ein gong i veka. Mor og far er døde, og livet kan vere litt tungt og einsamt. Tor Heine pratar mykje om det, og om kor viktig det er å ta vare på venene sine, om å vere gode med kvarandre.

I pausen vert det ein liten diskusjon om kva ein skal gjere dersom nokon ertar. Thor Heine meiner det er lov å ta igjen, og fortel med stor innleving om ein episode i Stryn, der han av og til jobbar på ein pub.

- Eg vart so eitrande forbanna!

- Jo sintare du vert, jo meir kosar folk seg, veit du, kjem det frå Knut Sigve.

- Men eg vart så provosert. Eg hadde vel lov til det?

- Eg berre gjeng vekk, eg, seier det fredsæle trommisen, som for tida tuslar rundt med rulltar etter eit uhell.

- Men eg trener meg oppatt no, kan jo ikkje reise slik til Afrika! Sjølv sagt har alle lyst til Kenya i februar, og spele saman med Playback, ei tilsvarande gruppe i Nairobi som vart stifta for to år sia, ved hjelp av Merkesteinane, Fredskorpset og Høgskulen i Volda. I oktober reiste Hermod Halse frå Ørsta til Mathareslumen for å vere Merkesteinane sin representant i Playback-prosjektet komande år.

Så mange draumar

Tor Heine tykte det var både fint og rart i Kenya då han og Merkestein-kollega Arild Halse var der i 2006.

- Der hadde dei ikkje hus, dei budde på gata. Men folk var veldig koselege. Eg skal iallfall dit i februar, slår vokalisten fast, og legg ut om ni drilldamer han gjerne vil ha med på scena, både stavdrill, duskdrill....

- Tor Heine!

Det var denne sanninga att, då. Det er ikkje alltid så lett å skilje mellom draumar og røyndom. Verken Jostein eller Øyvind har høyrd noko om drilldamer. Vel skal dei på



Variert repertoar: Det er slett ikkje vanskeleg å syngje på swahili. Tor Heine skriv på engelsk, med hjelp frå resten av Merkesteinane.

- Men det er ofte Tor Heine som har ideane, seier Jostein Bjørndal. Frå venstre: David Oudori, Tor Heine, Jostein og Paul Kamau

ein musikkfestival, og det er heilt sikkert drilldamer med både stavar og duskar. Men det er skilnad på det som er sant og det som er draumar.

Jo da, Tor Heine forstår det. Han har så mange draumar, og av og til vert dei så levande at han gløymer at dei berre er fantasi. Han drøymmer om eit trommesett også, han elsker trommer, for då kan han spele så hardt.

- Ein gong spela eg ein trommesolo på 45 minutt i Samfunnshuset i Volda, fortel han. Ja, den varte kanskje ikkje fullt så lenge, da...

Åleine blant mange

Han vil gjerne ha ein klem. Han tykkjer folk burde klemme kvarandre meir. Det beste av alt er når folk er gode med kvarandre.

- Du får mange fleire klemmar enn meg, seier Øyvind. Kvifor det? undrar han spøkefullt. Kanskje fordi Tor Heine spør?

Øvinga er over. Alle går kvar til sitt, Tor Heine skal på "Rocken", studentsamfunnet, der det er levande jazz i kveld. Han kjenner så mange, Tor Heine. Han har mange vener i Volda. Mange helser, nokre stoppar og slår av ein liten prat. På Studentkroa sit dei i grupper, skravla går, latteren sit laust. Tor Heine seier hei, men vert ikkje invitert inn i krinsen, han er ikkje ein del av gjengen her. Rastlaust vandrar han rundt og ventar på at konserten skal byrje. Det kan vere meir einsamt å kjenne mykje folk enn å vere heilt åleine. Men musikken og gleda ved å spele gjer både livet hans og musikklivet på Sunnmøre rikare.

Frå slummen i Nairobi til Volda: Merkesteinane har fått nye instruktørar heilt frå Kenya. Frå venstre: Øyvind Lied, Ole Jørgen Humberstet (vokal), Paul Kamau, Knut Sigve Sollid (slagverk), Tor Heine (gitar og vokal), Andreas Humberstet (assistent) og David Oudori.

FAKTA MERKESTEINANE

Musikk- og miljøprosjektet Merkesteinane vart skipa i 1992, med Øyvind Lied (musikar, lærar, kordirigent, arrangør og produsent) og Jostein Bjørndal (spesiallærar, bistandsarbeidar, forfatar og amatørmusikar) som leiarar. Merkesteinane har i dag 11 medlemmer.

Verksemda er basert på den pedagogiske plattformen Community Based Rehabilitation (CBR) der meistring gjennom musikk står sentralt. Ved m.a. å systematisere songar innan ulike fagområde, livsfasar og sjangrar som t.d. glede, sorg, krig, fred, samspel, religion/tru, samfunnsfag og geografi, har Merkesteinane dekt ei rekke undervisings- og opplæringsmål gjennom medviten bruk av musikk. Musikken utgjer såleis eit sosial- og spesialpedagogisk verktøy, og er ikkje målet i seg sjølv.

For vidare informasjon sjå:

www.merkesteinane.no

FAKTA WILLIAMS' SYNDROM

Williams' syndrom (WS) er ein sjeldan, medfødd tilstand som er kjenneteikna av karakteristiske ansiktstrekk og varierende grad av utviklingshemning, med mellom to og fem nye tilfelle årleg i Noreg. WS skuldast ein feil på arvestoffet på kromosom 7. Kring 60 prosent har medfødt hjartefeil, og mange har synsvanskar

Stemmen er gjerne hes og grov. Psykisk og motorisk utvikling er forseinka, og dei fleste lærer seint å gå. Graden av utviklingshemning varierer frå mild til moderat. Barna er ofte hyperaktive som barn, men vert rolegare rundt puberteten.

Dei har ein tendens til å oppfatte detaljar framfor heilskap.

Når barna etter kvart lærer å snakke i setningar, er taleevna betre utvikla enn ordforståinga.

Barn med Williams' syndrom viser ofte stor kontaktlede overfor vaksne. Det er ikkje uvanlig at ungdom og vaksne vert svært engstelege, dei kan verke deprimerte og trekke seg tilbake.

Norsk forening for Williams' syndrom:

www.williams-syndrom.no

Frambu senter for sjeldne funksjonshemmingar: www.frambu.no